



Naboar/partar

Norheimsund, 12.05.2021

Vår ref: 2610

Melding om planprogram og oppstart av arbeid av privat detaljreguleringsplan for bustadar på del av gnr. 164, bnr.20 m.fl., Aga, Ullensvang kommune – planID: 4618 2020001, plannamn: Askarane

Initiativtakar

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 og §12-9 vert det med dette meldt at Geoplan AS, på oppdrag for tiltakshavar Brødr. Kråkevik AS og grunneigar Lars Aga Reisæter, set i gong arbeid med detaljreguleringsplan på gnr. 164, bnr. 20 m.fl., på Aga i Ullensvang kommune.

Planstatus og føremål

Planområdet er i dag delvis regulert (reguleringsplan (1231) 2012003 Aga steinbrot, (1231) 2004001 Aganeset og (1231) 2003004 Rv. 550 Nå-Aga-Velure) og nytta til masseuttak, landbruksføremål og samferdsle. I arealdelen til gjeldande kommuneplan (Kommuneplan for Ullensvang herad 2011-2022), er området avsett til LNFR-føremål, råstoffutvinning og ferdslø i sjø. Reguleringa har som føremål å leggje til rette for bustadar med tilhøyrande infrastruktur, hovudsakeleg i det området som har vore nytta til steinbrot og tilgrensande areal, samt naust og småbåtanlegg på nedsida av fylkesvegen. Resterande areal innanfor planområdet vil verte regulert til friluftsføremål, landbruksføremål, samferdsle og tilhøyrande infrastruktur. Planen skal blant anna sjå på løysingar for mjuke trafikkantar for å sikre trygg ferdslø i området og inn til Aga.

Avgrensing av planområde

Planområdet har ein storleik på om lag 170 daa og avgrensing er vist på vedlagt kartskisse.

Viktige utgreiingar

Ullensvang kommune har vurdert at planen utløyser krav om planprogram (jf. pbl §4-1) og konsekvensutgreiing (jf. pbl §4-2). Planprogram datert 15.03.2021 vart vedteke lagt ut på offentleg ettersyn og høyring i Utval for samfunn, plan og næring 07.04.2021, vedtak USPN-053/21. Planprogrammet gjev informasjon om den planlagte planprosessen, problemstillingar og føremål med reguleringsplanen. Planprogrammet og kart over planområdet er tilgjengeleg på Ullensvang kommune sine nettsider og på www.geoplan.no/aktuelt.

Merknader/ innspel

Innspel til oppstart og planprogram som kan ha innverknad på, eller vere av interesse for planarbeidet, skal sendast skriftleg til plankonsulent Geoplan AS, Sandvenvegen 17, 5600 Norheimsund, eller via e-post til post@geoplan.no. Alle innspel vil verte vurdert og lagt ved planframlegget når det vert sendt inn til Ullensvang kommune for handsaming. Spørsmål knytt til planarbeidet kan rettast til Geoplan AS på tlf: 56 55 62 33.

Frist for å kome med innspel er sett til 01.07.2021

Med venleg helsing


Ingvild Eikefjord

Sivilarkitekt MNAL / Arealplanleggjar

